



Marihøna Barnehage

ÅRSPLAN 2015/2016

INNHALD

Innleiing	2
Kap. 1 Presentasjon av barnehagen	3
Kap. 2 Foreldresamarbeid.....	4
Kap. 3 Omsorg.....	5
Kap. 4 Leik.....	6
Kap. 5 Læring	7
Kap. 6 IKT i barnehagen	8
Kap. 7 Danning.....	9
Kap. 8 Barn sin medverknad	10
Kap. 9 Dokumentasjon.....	11
Kap. 10 Inkluderande fellesskap	12
Kap. 11 Fagområda	13
Kap. 12 Marihøna barnehage sine satsingsområder 2015/2016	14
Kap. 13 Kommunikasjon, språk og tekst	15
Kap. 14 Kropp, bevegelse og helse	16
Kap. 15 Kunst, kultur og kreativitet	17
Kap. 16 Natur, miljø og teknikk	18
Kap. 17 Etikk, religion og filosofi	19
Kap. 18 Nærmiljø og samfunn.....	20
Kap. 19 Tal, rom og form	21
Kap. 20 Kultur/tradisjonar	22
Kap. 21 Vurderingsarbeid/evaluering.....	23
Kap. 22 Overgang frå barnehage til skule.....	24
<i>Den gode barnehage;</i>	<i>25</i>

Innleiing

Det er Kunnskapsdepartementet som fastset *rammeplanen for barnehagar*. Marihøna barnehage jobbar ut frå **Rammeplan for barnehagen** og frå **Barnehageloven**.

Årsplanen skal:

- vere ein plan for den pedagogiske verksemda
- vere eit arbeidsreiskap for dei tilsette
- vere eit informasjonsdokument for foreldre, barnehagens eigar, samarbeidsutvalet og andre

Denne årsplanen er laga av styrar, i samarbeid med pedagogiske leiarar og det øvrige personalet. Planen er til slutt godkjend av Samarbeidsutvalet i barnehagen.



Kap. 1 Presentasjon av barnehagen

Marihøna barnehage er ein to-avdelings barnehage, eigd av Meland kommune. Vi tek imot barn frå 0-6 år. Barnehagen er delt inn i avdelingar etter barna sin alder. Dei minste (0-3 år) går på gul avdeling og dei største (3-6 år) går på raud avdeling.

Barnehagen ligg sentralt på Frekhaug. Barnehagen vart bygd i 1987 og bygget på i 1998. I tillegg til barnehagen sitt eige uteområde, nyttar vi skog og mark, som er å finne i barnehagen sitt nærmiljø.

Åpningstid: 07.00-17.00

Vår visjon: MARIHØNA BARNEHAGE – MED DITT BARN I FOKUS!

Personalet i Marihøna barnehage:

Styrer: Camilla Smith-Strøm

Gul avdeling:

Pedagogisk leiar: Kristin Manger Fiksdal 100%

Førskulelærer: Heidi Dalseng 100%

Assistentar: Nora Sæle 80%
Christine Aalhus 70%
Wenche Augustson 50%

Ekstra assistent: Lisbeth Bratshaug, 80 %

Raud avdeling:

Pedagogisk leiar: Liv Marit Fløysand 100%

Assistentar: Nina B. Solberg 100%
Wenche Augustson 50%

Barne/ung. arb.: Jenny Westrheim 50%

Støtteassistent: Cathrine Augustson 80%

Lærling: Thale Varfjell 100%



Kap. 2 Foreldresamarbeid

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek. Fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (Barnehageloven § 1 Formål).

Vi tar både barn og foreldre på alvor. Vi ynskjer å gje eit tilbod, som gjer at foreldra kvar dag skal oppleve at barnet blir sett og får den oppfølginga det har krav på.

Mål: Gjennom eit nært samarbeid med foreldre/føresette skal vi leggja til rette for ein god barnehagekvardag for alle barn.

Metodar:

- Dagleg kontakt når barnet vert levert og henta. Ved henting skal foreldre få tilbakemelding på tilhøve som gjeld deira barn.
- 1-2 planlagde foreldresamtalar i året.
- Tilrettelegging for samtalar ved behov.
- Foreldremøter.
- Ha respekt og anerkjenne ansvaret og oppgåvene foreldra har i høve til barnet sitt.
- Vere ein møtestad for barn og foreldre.
- Vere ein kulturformidlar, spesielt med tanke på foreldre med minoritetsbakgrunn.
- Gje mogelegheit for medverknad på barnehagen sitt innhald og planar, gjennom tilbakemeldingar og foreldreevalueringar.
- Samarbeidsutval
- Vi strekkjer oss langt for å imøtekomme foreldre sine behov og ynskjer.
- Informasjonstavle
- Informasjon gjennom månadsbrev- og planar.
- Primærbarnordning
- Dokumentasjon



Kap. 3 Omsorg

Barn har rett til omsorg og skal møtas med omsorg. Barnehagepersonalet har ei yrkesetisk plikt til å handle omsorgsfullt ovenfor alle barna i barnehagen.

(Rammeplan for barnehagen, 2011)

Barnehagen skal gje barn trua på seg sjølve. Dette lærer barn i aktivitet og samhandling med andre mennesker. Vi er omsorgsfulle, trygge og sensitive vaksne som møter barna med respekt og innleving.

Mål: Gjennom trygge og omsorgsfulle vaksne, skal barna oppleve mestring og eigenverd.

Metodar:

- ICDP (sensitivitetsprogram for omsorgsgjevar)
- Pedagogisk verktøy: "Steg for steg"
- Trygge og anerkjennande vaksne
- Tilgjengelige vaksne, med blick for barnet.
- Lyttande vaksne i gode samtalar, på barna sine premissar.
- Felles fokus – vi møter barna der de er!
- Trøyst og forståing.
- Positiv konfliktløsning, gjennom kommunikasjon og nære vaksne.
- Ros og forsterkning av barna sine gode eigenskapar/handlingar.
- Primærbarnordning.

ICDP

8 tema i samspel med barn:

1. Vis positive kjensler - vis at du er glad i barnet.
2. Juster deg til barnet og følg barnet sitt initiativ.
3. Snakk til barnet om ting det er oppteke av og prøv å få i gang ein "kjensleprega" samtale.
4. Gje ros og anerkjenning for det barnet greier å gjera.
5. Hjelp barnet til å samle merksemda si, slik at de har ei felles oppleving av det som er rundt dykk.
6. Gje meining til det barnet opplever av omverda ved å skildra det de opplever saman og ved å visa kjensler og entusiasme.
7. Utdjup og gje forklaringar når du opplever noko saman med barnet.
8. Hjelp barnet til å kontrollera seg sjølv ved å setja grenser på ein positiv måte : ved å leia det, visa positive alternativ og ved å planleggje saman.

Kap. 4 Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen. Leiken er eit allmennmenneskeleg fenomen, der barn har høg kompetanse og engasjement. Han er ei grunnleggjande livs- og læringsform som barn kan uttrykkje seg gjennom (Rammeplan for barnehagen, 2011).

I LEIKEN ER ALT MOGELEG!

Mål:

Gjennom leiken skal barna få oppleve:

- mestring
- vennskap og samspel
- glede og humor
- trivsel
- kommunikasjon- verbal og non-verbal
- kreativitet og fantasi
- varierte erfaringar og inntrykk
- erfaring med ulike roller
- Læring
- Utvikling på alle områder

Metodar:

- Aktive, engasjerte og leikne vaksne.
- Tilrettelegging av det fysiske miljø, inne og ute.
- Tilrettelegging av små lekegrupper.
- Fleksible vaksne, med blick for barna sin leik.
- Skjerming av- og respekt for gode leikesituasjonar.



Kap. 5 Læring

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold, 5. ledd).

All læring skjer i samspel mellom mennesker. Tryggleik er ein føresetnad for læring. Det er derfor viktig å legge til rette for trygge og varierte læringssituasjonar i løpet av barnehagekvardagen. Vi skiljar mellom formelle og uformelle læringssituasjonar i barnehagen. Formelle læringssituasjonar er organiserte aktiviteter, med klare læringsmål. Uformell læring skjer mellom anna i rutinesituasjonar som påkledning, måltider, stellesituasjonar og liknande.

Mål: Barna skal få grunnleggande kunnskapar innanfor alle rammeplanens fagområde.

Metodar:

- Samlingsstunder
- Temasamlinger/gruppeaktivitetar
- Felles fokus og gode samtaler
- Engasjerte vaksne, som følger barna sine initiativ.
- Tverrfagleg fokus
- Språkgrupper
- ICDP
- Kreative, nysgjerrige og undrande vaksne, i tett samspel med barn.
- «Steg for steg»
- Vaksne og barn i leik (til dømes butikkleik, kjøkkenleik e.l.)
- Bevisste vaksne, som gir seg god tid med barna i rutinesituasjonar

BARNEHAGEN ER FØRSTE STEG PÅ BARNAS SITT UTDANNINGSLØP



Kap. 6 IKT i barnehagen

I følge rammeplanen bør barn *”få oppleve at digitale verktøy kan vera ei kilde til lek, kommunikasjon og innhenting av kunnskap.”*

Mediar, teknikk og teknologi omtalas fleire stader i rammeplanen og angår på ulikt vis alle dei sju fagområda. Personalet er pålagt oppgåver i forhold til å stimulere barna til å iakttå og undre seg over teknologien, og personalet må sørge for at barna har tilgang til og tek i bruk teknologi.

Marihøna barnehage har i 2015 gått til innkjøp av ei digital tavle (Activboard). Tavla skal brukast aktivt i pedagogisk arbeid med barna. Vi har også oppretta abonnement på det pedagogiske IKT verktøyet «Salaby-barnehage». Salaby er eit leikent pedagogisk og praktisk verktøy, retta mot dei eldste barna i barnehagen. Med utgangspunkt i «Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver» bidreg Salaby til å skapa eit godt bindeledd mellom barnehage og skule. Programmet tilbyr ein god kombinasjon av lek og læring!

Den interaktive tavla er også eit godt verktøy til kunst og kreativitet i barnehagen. Barna kan teikne/male direkte på tavla, med fingrane eller med interaktiv penn. Samstundes finnes det nesten uendelig med muligheter, ved bruk av internett. Ein kan mellom anna lage animasjonsfilmar, finne svara på ulike spørsmål- og stoff til temaarbeid.

Vi kjem også til å nytta tavla til endrings- og utviklingsarbeid med personalgruppa.

Vi er allereie godt i gang med bruk av den nye tavla vår! I løpet av høsten 2015 skal heile personalgruppa få god opplæring i bruk av digital tavle i pedagogisk arbeid.



Kap. 7 Danning

I barnehagelova frå 2012 er oppdrageromgrepet bytta ut med ordet **danning**. Barnehagen skal i nær forståing med heimen vere med å fremme danning som grunnlag for allsidig utvikling. Danning er ein livslang prosess, som mellom anna handlar om omsorg, læring, oppdraging og sosialisering. Barnehagen skal fremme danning, gjennom å arbeide med verdiane som er nedskrive i barnehagelova;

- solidaritet
- nestekjærleik
- tilgjeving
- likeverd

Mål: Marihøna barnehage skal tilby et mobbefritt miljø, der barn og voksne viser respekt og toleranse ovanfor kvarandre.

Metodar:

- Manifest mot mobbing/vennskapsprosjektet
- Forut barneaksjon
- ICDP - Omsorgsfulle og anerkjennande voksne
- Konflikthandtering
- Steg for steg
- Gode rollemodeller

«STEG FOR STEG»

Et program for utvikling av barns sosiale kompetanse.

Føremål:

Å auka barns sosiale kompetanse, gjennom å øva på empati, problemløysing og mestring av sinne. Vi byggjar vidare på det positive barna gjer, i staden for å fokusera på det negative.



Kap. 8 Barn sin medverknad

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet. (Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning)

Medverknad innebær at barnet skal gis muligheit til å påvirka sin kvardag og på denne måten bidra til å skape sin eigen identitet.

Barna sine kjensler og uttrykk skal tas på alvor. Barna sine synspunkt skal leggas vekt på i samsvar med alder og modning, både i planleggings- og vurderingsarbeidet i barnehagen.

Metodar:

- ICDP- International Child Development Program
- Sensitive vaksne, som tek barna på alvor.
- Oppmerksame vaksne, som lyttar til barna sitt kroppsspråk, handlingar og verbale språk.
- Anerkjennning av barna sine meiningar, følelsar, vilje og behov.
- Barnesamtaler
- Dokumentasjon



Fra barnekonvensjonen:

«Du har rett til å si hva du vil. Du har rett til å uttrykke det du er opptatt av, det du har på hjertet, det du tenker og føler og mener. Det står i alle barn og unges grunnlov.»

Kap. 9 Dokumentasjon

Kunnskap om arbeidet til personalet og verksemda til barna i barnehagen er viktig som grunnlag for utviklinga i barnehagen. (Rammeplan for barnehagen, 2011).

Mål:

Gjennom dokumentasjon ynskjer vi;

- Å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis.
- Å leggja til rette for refleksjon over barnehagens verdigrunnlag og oppgåver, samt barnehagen som arena for lek, læring og utvikling.
- Å gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemynde informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen vår.

Metode:

- Bildar
- Barnepermar
- Praksisfortellingar
- Video
- Bildeskjerm
- Bruk av diktafon
- Utstilling av barnas arbeid

Vi synleggjer dokumentasjonen:

- På avdelingane/i garderoben
- På barnehagens facebookside
- På barnehagens heimeside
- I månadsbrev
- I barnepermar
- Lokale utstillingar i bibliotek, rådhuset og liknande.



Frå temaarbeid: «Kråka i støvelen»

Kap. 10 Inkluderende fellesskap

Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Barnehageloven § 1 Formål, 3. ledd)

Alle barn skal møtas med tillit, respekt og anerkjenning, uansett funksjonsnivå og nasjonalitet. Barna skal oppleve mestring og ein meningsfylt kvardag i barnehagen, sett ut i frå eige alders- og utviklingsnivå. Likskap og ulikskap skal gje rom for undring og forskartrong. Ulike kulturar og individuelle eigenskaper skal gjevast plass i barnehagen.

Marihøna barnehage skal bidra til å fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Metodar:

- Manifest mot mobbing
- Vennekapsprosjekt (felles for alle barnehager i Meland kommune)
- Forut barneaksjon
- ICDP
- Samlingsstunder
- Medverknad frå foreldre
- Barns medverknad
- Leikegrupper
- «Steg for steg»
- Språkgrupper



Kap. 11 Fagområda

Barnehagen skal gje barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områdar. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskap og ferdigheter (Rammeplan for barnehagen, 2011).

Rammeplan for barnehagen definerer 7 fagområder for barnehagen;

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- tal, rom og form

Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt og vil sjeldan opptre aleine.

I Marihøna barnehage tenker vi tverrfagleg, både i kvardagssituasjonar og i pedagogiske opplegg. Gjennom å tenke heilskapleg trekker vi inn dei ulike fagområda i både formelle og uformelle lærings situasjonar.



Kap. 12 Marihøna barnehage sine satsingsområder 2015/2016

Dette barnehageåret vil vi jobba spesielt med fagområda:

Kropp, rørsle og helse

Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne. (Rammeplan for barnehagen, 2011).

Dette barnehageåret skal vi ha spesielt fokus på kroppen vår. Gjennom aktivitetar, både ute og inne skal vi bli kjent med kroppsdelane, korleis kroppen fungera, dei ulike sansane våre, kosthold og fysisk aktivitet. Vi vil spesielt leggja til rette for gode turopplevingar, der vi tek barnas interesser på alvor.

Kommunikasjon, språk og tekst

Her vil vi leggje vekt på språk som basiskompetanse. Munnleg språk er ei avgjerande ferdigheit i kommunikasjonen, seinare i barna sine liv. Kommunikasjon er ein føresetnad for samspel mellom menneskjer. Det verbale språk lærast gjennom samspel og kommunikasjon. Vi vil fokusere både den non-verbale og den verbale kommunikasjonen, for å bidra til å gi barna gode språklege ferdigheiter.

Personalets utviklingsarbeid- «UT PÅ TUR!»:

I samband med satsningsområdet Kropp, rørsle og helse, har vi i år vald å ha fokus på personalets kompetanse, innafor turar og uteaktivitetar. Vi ynskjer å gje eit enda betre tilbod, med høg kvalitet og pedagogisk innhald på turar og i utetida. Vi vil leggje til rette for små turgrupper, slik at vi gjer moglegheit for gode opplevingar og læring på tur. Mellom anna planlegg vi tematurar, der vi kan trekkje inn dei ulike fagområda, gjennom godt planlagde, pedagogisk opplegg.



Kap. 13 Kommunikasjon, språk og tekst

Mål:	Metodar:
Gi barna god forståing av Kvardagslege omgrep. Alle barn skal bli høyrd. Alle barn skal lære å utrykkje seg verbalt og kroppsleg.	Temaarbeid Samlingstunder Gode samtaler, med felles fokus Songar, rim og regler Bruka av digital tavle (IKT) Lyttande, aktive og sensitive vaksne Drama Vi set ord på og namngjer Bruk av konkretar Bruk av flanellograf TRAS- Tidlig Registrering Av Språkutvikling Språkgrupper
Gi barna leselyst Å registrere barnas språkutvikling.	Tilgjengelige bøker ved avdelingane Høgtlesing og forteljing Billed- peikebøker TRAS

Språk er mer enn bare ord!



Kap. 14 Kropp, bevegelse og helse

Mål:	Metodar:
Alle barn skal oppleve mestring og glede på tur	Gi barna positive erfaringer med turer i ulendt terreng Tematurar Turgrupper etter alder og modning
Positivt sjølvbilde, gjennom motorisk mestring	Turar i skog og mark Sansemotoriske aktivitetar, ute og inne. Hinderløype
Lære navn på kroppsdelane	Benevne og peike på. Vi undrar oss, saman med barna. Songar, rim og regler.
Gi barna kjennskap til sansane våre.	Gi barna erfaringar med dei ulike sansane. Vi lukter, føler, smakar og lyttar. Sanseboksar og sansebrett.
Gi barna erfaring med eit normalt, sunt kosthald	Måltider med fokus på eit sunt kosthold. Samtaler kring maten vi spisar og korleis den påverkar oss.
Lære gode rutiner for handvask og hygiene	Handvask etter toalettbesøk og før måltida. Samtaler.

Vi lar barna oppleve verda gjennom sansing og kroppsleg aktivitet



Kap. 15 Kunst, kultur og kreativitet

Mål:	Metodar:
<p>Gi rom for barna sin kreativitet og skaparglede.</p> <p>Barna skal bli kjend med barnehagen sitt nærmiljø.</p> <p>Barna skal ha kunnskap om dei ulike land/kulturar som er representert i barnegruppa.</p>	<p>Teikning, maling, perling, klipping, liming, veving, sløyd m.m.</p> <p>Tilgjengeleg formingsmateriell. Jule- og påskeverkstad.</p> <p>Turar i nærmiljøet, skulebesøk. Gardsbesøk</p> <p>Samtaler Samlingsstunder Songar, telling, flagg m.m. Eventyr og forteljingar. Foreldremedverknad</p>



Kap 16 Natur, miljø og teknikk

Mål:	Metodar:
<p>Gi barna gode naturopplevingar.</p> <p>Gi barna gode haldningar og ei gryande forståing for samspelet mellom natur og menneske.</p> <p>Barna skal utvikle respekt for plantar, dyr og naturen kring oss.</p> <p>Skape forskartrong.</p>	<p>Turar tilpassa barna sine ferdigheiter. Aktive vaksne, som legger til rette for gode turopplevingar.</p> <p>Kildesortering. Samtalar. Samlingsstunder. Ryddeaksjonar Turar til fjæra</p> <p>Gi rom for undring. Formelle/uformelle samtalar. Gardsbesøk under lamminga i mai.</p> <p>Ulike forsøk. Vi stiller spørsmål og undrar oss saman med barna; Korleis blir vatn til is? Kvifor regnar det? Kvar er sola, når vi ikkje kan sjå ho? Kva søkk og kva flyt i vatn? Besøk på VilVite for førskulebarna</p>



Kap. 17 Etikk, religion og filosofi

Mål:	Metodar:
<p>Barna skal ha utvikle respekt og toleranse for andre mennesker</p> <p>Barna skal skilja mellom gode og dårlege handlingar</p> <p>Nysgjerrige barn, som vågar å stille spørsmål</p> <p>Barna skal ha kjennskap til påske- og julebodskapen</p>	<p>Samlingsstunder «alle med» «steg for steg» ICDP Forut aksjon Vennsapsprosjektet</p> <p>Gode rollemodellar Uformelle samtalar Aktive vaksne, som støttar barna i konfliktløysing Positiv grensesetting Undrande og nysgjerrige vaksne, som lyttar og gjer seg tid i samtalar med barna.</p> <p>Markering av jule- og påske høgtida.</p>



Kap. 18 Nærmiljø og samfunn

Mål:	Metodar:
Gi barna kjennskap til nærmiljøet si kulturhistorie	Turar Samtaler Gardsbesøk
Gi innsikt i korleis barn i andre land lever	Forut aksjonen- barn hjelper barn.
Barna skal være kjent med det lokale biblioteket	Besøk på biblioteket Utstilling/dokumentasjon av barnehagen sitt arbeid og kunst i bibliotekets lokaler.
Vere eit samlingspunkt for foreldre og barn	Foreldrekafé



Kap. 19 Tal, rom og form

Mål:	Metodar:
<p>Gi barna kunnskap om tal, teljing og talomgrep.</p> <p>Barna skal ha kjennskap til omgrep som tid, mål og vekt.</p> <p>Gi barna kjennskap til viktige matematiske omgrep, som trekant, firkant og sirkel.</p> <p>Gi barna kunnskap om storleik og plassering.</p> <p>Barna skal få erfaring med sortering og samanlikning ut i frå ulike kategoriar.</p>	<p>Bruk av teljing i kvardagssituasjonar, som før vi syng, under påkledning og når vi dekker bordet.</p> <p>Teljing i formelle læringssituasjonar, som under samlingar, på tur og under temaarbeid.</p> <p>Pedagogisk verktøy: Mattekassen, Mattemeisen</p> <p>Vi undrar oss sammen med barna; Kva stein er tyngst? Kor lang tid er «snart»?</p> <p>Vi måler barna</p> <p>Matlaging</p> <p>Samlingsstunder</p> <p>Bruk av formingsaktivitetar med ulikt materiale</p> <p>Spel</p> <p>Terningar</p> <p>Vi måler, veg og samanliknar.</p> <p>Vi øver på preposisjonar, under, oppå, ved sida.</p> <p>Konstruksjonsleik med Lego, perler, plastilina og liknande</p> <p>Vi sorterer leiker når vi rydder</p> <p>Vi måler barna og sammenlikner. Kven er høgst og kven er minst? Vi lager rekke av barn og sorterer etter høgda.</p>



Kap. 20 Kultur/tradisjonar

Barnehagen har ei viktig rolle som arena for utvikling av kulturell identitet. I Marihøna barnehage har vi fleire tradisjonar gjennom året. Tradisjonane skal bidra til å skape følelse av fellesskap for barna, personalet og foreldre. Dei fleste tradisjonane gjeld for barn og personalet, medan nokre av tradisjonane innlemmar også foreldra.

Månad	Tradisjon	Mål/innhald
Oktober	Foreldrekafé	Vi er med på Forut sin barneaksjon, «barn hjelper barn». I den forbindelse arrangerer vi foreldrekafé. Målet er å vise fram barna sitt arbeid og samle inn pengar til Forut aksjonen. Ei uformell stund med ulikt program.
Desember	Julebord	Markering av julehøgtida, for barn og personalet. Her vert da flott julestemning, med koldtbord og julemusikk.
Desember	Juleavslutning	Ei tradisjonsrik og stemningsfull julefest for barn og foreldre i eldresenterets lokale. Vi et julegraut og syng julesongar. Barna underheld. Kanskje kjem nissen?
Desember	Hentegløgg	Foreldra blir møtt med julegløgg, peparkaker og julemusikk, når dei hentar barna i barnehagen.
Februar	Karneval	Vi kler oss ut, malar oss, dansar og leikar. Det vert også «Katta i sekken», skodespel og fastelavnsbollar.
April	Besteforeldretreff	Besteforeldre får bli kjent med barnehagen vår, gjennom eit koseleg og uformelt treff.
Mai	Avslutning for førskulebarna, med ein spanande og opplevingsrik utflukt.	Denne dagen har vi fokus på skulestartarane. Heildags utflukt, med spanande og variert innhald. Vi ynskjer å gi barna ei flott oppleving, som avslutning på barnehagetida.
Juni	Sommarfest	Som avslutning på barnehageåret arrangerer vi sommarfest for foreldre og barn.
Juni	Sykkeldag	Barna har med sykler i barnehagen. Vi sykler på sykkelvegen vår, øver på trafikkregler, får diplom og mye, mye meire.
	Fødselsdagar	Bursdagsbarnet og ei lita gruppe er med å bake rundstykker/rundstykker til lunsj. Eige bursdagsfat og -kopp, med spennende motiv. Bursdagssamling, med fokus på den som fyller år.

Kap. 21 Vurderingsarbeid/evaluering

Vurderingsarbeid som vert gjort gjennom barnehageåret er viktig, for å sikra kvaliteten i barnehagen. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.

Vurderingsarbeidet blir delt inn i tre delar;

1. Foreldrevurdering.

Gjennom tilbakemeldingar i kvardagen og i foreldresamtaler/foreldremøter, får vi mykje kunnskap om arbeidet vi gjer. Dette er med på å sikra foreldra sin medverknad til verksemda.

Det vart i 2015 gjennomført ei felles brukarundersøking for alle barnehagane i Meland kommune. Denne brukarundersøkinga var eit godt verktøy, for å vurdere arbeidet vårt. Vi fekk tilbakemeldingar, som vi tar med oss og arbeidar vidare med i personalgruppa. Det planleggjast å gjennomføre slike brukarundersøkingar anna kvart år. Dette vil bidra til å gje foreldra ei enda større mogelegheit for påverknad av barnehagekvardagen. Vi vil gjennomføre ei intern brukarundersøking, berre for Marihøna barnehage, våren 2016.

2. Personalvurdering.

På kvart avdelingsmøte startar vi med å vurdere veka som har gått. På personalmøtet rett over jul, vil det vera ei halvårsvurdering, i tillegg til ei hovudvurdering i juni.

Vi brukar også rettleiing og medarbeidarsamtalar i dette arbeidet.

Våren 2015 vil vi foreta ei eiga barnehagevurdering i Marihøna barnehage. Vurderingsområdet dette barnehageåret er:

- ***Turane våre***

Dette er eit vurderings- og utviklingsarbeid **-av** og **-med** personalet i Marihøna barnehage. Gjennom ulike metodar, som mellom anna observasjonar, barnesamtalar, intervju og praksisfortellingar, skal vi kartleggje og utvikle turane våre.

3. Barna sin vurdering.

Denne vurderinga er svært viktig. Vi nyttar barnesamtalar enkeltvis, men også i små grupper. Vi nyttar også spontansamtalar med barn, for å få kjennskap til barna sin trivsel og utvikling.

Med dei minste barna jobbar vi med å tolke kroppsspråk og lydar, noko som seier mykje om kva eit lite barn ynskjer og kva det trivest med å gjere.

Kap. 22 Overgang frå barnehage til skule

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning (Rammeplan for barnehagen, 2011).

Dei fleste skulane i Meland kommune, mellom anna Sagstad skule, nyttar Aktivboard i undervisninga. Gjennom å ta tavla i bruk allereie i barnehagen, gjer vi barna eit forsprang i møte med skulens digitale kvardag.

Mål:

I Marihøna barnehage skal vi leggje til rette for ein best muleg overgang mellom barnehage og skule, for alle barn.

Dette vil vi mellom anna gjera gjennom:

- Førskulegruppe, med samling kvar torsdag
- Eigne utflukter for førskulebarna
- Samarbeid med skulane i nærområdet
- Skulebesøk
- Bruk av digital tavle- Aktivboard
- Bli kjent med skulane sine leikeplassar
- Tverrfagleg basisteam, med fokus på enkeltbarn.
- TRAS
- Språkgrupper for fleispråklege barn.
- Foreldresamarbeid
- Samarbeid med andre offentlige instansar, som m.a. helsestasjon, barnevern, spesialpedagogar.



Den gode barnehage;

- *Er heile tida i utvikling.*
- *Opnar for gode opplevingar.*
- *Møter foreldra med openheit.*
- *Gir barn moglegheit til å utvikle basiskompetanse gjennom lek og læring i sosialt samspel og gjennom arbeid med dei ulike fagområda.*
- *Gir barna fridom, med moglegheit til sjølv å styre sin kvardag innanfor grenser som dei kan mestre i forhold til alder og utvikling.*
- *Har ikkje fasttømra program, men er fleksibel i bruk av planar.*
- *Gjer dei tilsette yrkesglede og moglegheit for fagleg utvikling.*
- *Stagnerer ikkje, men har heile tida ei målbevisst styring av sine endringsprosessar.*

(ref. Morten Halvorsen, foredragsholder)

